

Lindås kommune

Byggjesaksavd.-v/ rådgj Eilin H. Molvik

TILTAK: Ny grunneigedom, Gnr 103/ bnr 1 og 7. Dykkar ref: 19/1364-19/17100

Syner til dykkar svar til Grannelaget på Fjellanger v/ Terje Fauske, datert 29.05.2019.

Litt historikk: Tiltaket har samanheng med prosjektet sikkerheit-auke i industrivassforsyninga til Equinor Mongstad-og Mongstadorrådet. Equinor (EQ) har fått nytta avtalen Lindås k (Lk) har hatt med Grannelaget, Fj-sidan tidleg på 1970-talet, for rett til bruk av Eidsvatn til forsyning av drikkevatn til Lindås nord. Etter at Lk bygde ut hovedvassverket til Lindås N i 1984-86, har dåverande Statoil Mongstad fått nytta avtalen med overføring til industrivassverket, innafor Lk sin avtale.

I 1998-99 ynskte Statoil å overføra meir vatn, og bad avtaleparten Lk byggja ny og større pumpestasjon, som då måtte plasserast på nedsida av Fv 398. Lk sto som byggherre, fekk utvida avtalen med Grannelaget, Fj. -og fekk bygt ny pumpestasjonen, slik den framstår i dag. Det vart søkt St vegv om avkjørsle (vedlagt), og ordna med fornya avtale med gr.eigarane.

I 2012 starta prosessen med å søkja konsesjon for 4 vatn i området, deriblandt Eidsvatn,-med formål å kunne auka uttaket av industrivatn med ein mindre del til rensing til drikkevatn. Konsesjons-saka tok fire år, men konsesjon blei gjeven i 2016. Konsesjonen er det Lk som har fått. Sidan har det vore avhalde skjønn, for dei fleste som avtaleskjønn

Dom, og erstatningsskjønn (frivillig) avsagt 09.nov-2018, Bergen Tingrett, om utvida reg –og uttak frå Eidsvatn, heiter det i punkt e at: *videre erverver Lindås kommune grunn til påstående pumpehus, med rett til utvidelse av inntil 10 m2,-samlet areal inntil 500 m2.*

Det er i den samanheng at Grunneigarlaget på Fj. må søkja om frådelling av arealet, til dette formålet. Lk ved TD ønskjer vera behjelpeleg med denne frådellinga , sjølv sagt innafor regelverket.

Ser frå dykkar førebels svar at bruk av arealet kan gå som uendra bruk, men krev at det vertsøkt om dispensasjon frå byggeforbodet i Pl & Bygn.lov § 1-8.- når det gjeld nabovarsling er tilgrensande eigedomar Grannelaget, og det vart sendt nabovarsling til alle i 1999, då eksisterande pumpestasjon vart bygt. Ein fekk då og –som nevnt, godkjent avkjøyrsla frå Fv. Vi meiner difor at nabovarsling ikkje er nødvendig i denne frådellingssaka.

Avtale med grannelaget vart gjort i 1988, og fornya i 1999 ved etablering av ny pumpestasjon på no omsøkte parsell. (Vedlagt kopi) Vi sender oppdatert situasjonsplan påført lengder på grenseliner.

Spørsmålet er dermed om det er nødvendig å senda inn søknad om byggjeforbod langs sjøen? Bygget står der i dag med avtalt rett med dagens grunneigarar til utviding med inntil 10 m2.

Når det gjeld gebyr, kan det adresserast til Lindås k, ved Teknisk Drift.

Mvh Atle Dingen, einingsleiar

John Bauge, rådgj.